



Westervik Karstein
Alverflaten 61
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/18 - 18/12971

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
23.04.2018

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 137/17 Alversund - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 137/17 med adresse Alverflaten 61. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som eigar av anlegg har De ansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon for anlegg. Dokumentasjon skal vise at anlegg tilfredstillar krav til utslepp. Grunneigarane av gbnr 137/17 har det juridiske ansvaret for anlegget.

Teknisk drift ber Dykk om å sende inn årsrapport for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av oljehaldig avløpsvatn til slamavskiljar eller anna type renseanlegg. Det er viktig at ein ikkje får avsett olje i slamavfall og/eller utslepp av olje med avløpsvatn til terreng/bekk/sjø.

Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for driftsår 2017. Det er viktig at verksemda har gode vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. Gode rutiner vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn.

Førehandsvarsele om tilsyn:

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Alverflaten 61. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.



Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Westervik Karstein

Alverflaten 61

5911

ALVERSUND